

**Margun Sellevoll og Steinar Hunskår**  
**Skarsvegen 469**  
**5911 Alversund**

Lindås kommune  
Geodata  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Alversund, den 9. august 2018.

**Ajourføring i Matrikkelen for nausttomt til gbnr 147/38.**  
**Sak 18/2201 – 18/23341**


Vi viser til brev frå Lindås kommune av 26. juli 2018 om saka, vedlagt kart.

1. Vi har ikkje merknader til at naustgrunnen til gbnr 147/38 vert retta opp i samsvar med forslag og skisse. Det er ikkje tvil om at dette er naustet tilhøyrande dette bruksnummeret ved eigar Eirin og Bjørn Sellevold.
2. Vi er einige i at bnr 30 og bnr 35 er bytta om på kartet, slik at Ove Walle sin opprinnelege hovudtomt har bnr 30 og tillegget som vart kjøpt i 1949 har bnr 35.
3. Vi kan derimot ikkje akseptere grensene til (nye) bnr 35 slik kommunen har teikna dei inn. Frå skulddelinga i 1949 går det fram at trekanten sine sider skal ha lengde 35,30 meter felles med bnr 30 og dei to kortare sidene i trekanten skal vere 19,6 m (nordlegast) og 19,7 m (sørlegast). Møtepunktet mellom bnr 30 og 35 i sør kan da ikkje rekke ned til sjøkanten. Vi ber om at også denne feilen vert retta opp i Matrikkelen.
4. Vi ser av kommunen sitt kartgrunnlag at heller ikkje naustegrunnen og naustet tilhøyrande bnr 8 (vårt hovudbruk) ligg inne i Matrikkelen. Dette naustet ligg mellom det omsøkte naustet til bnr 38 og naustet til bnr 4 (som vi også eig). På seeiendom.no ser det ut til at det er rett markert. Dette må også rettast opp som del av same saka.
5. Vi vil også påpeike at den vestre lina til bnr 30 ikkje er innteikna i samsvar med skulddelinga frå 1946. Der går det fram at den går bak (aust for) nausta, og bruk 30/35 kan såleis ikkje ha eigedomsrett til område(r) der nausta til hovudbruka er plassert. Ber om at dei rette grensene vert teikna inn i Matrikkelen.

Vi ber om tilbakemelding på punkta ovanfor og på dei endringane som vert gjort i Matrikkelen.

Helsing

  
Margun Sellevoll

  
Steinar Hunskår